

Pasient- og brukarombodet i Vestland, kontor Førde  
Postboks 212 Skøyen  
0213 OSLO  
Att: Ingrid Aanderud Sælen

**Dykkar ref.:** 24/11437-1  
**Vår ref.:** 2024/5157 - 36114/2024

**Saksbehandlar:**  
Asle Kjørlaus

**Dato:**  
15.10.2024

## **Vedrørende pårønderom på barneavdelinga sin sengepost ved Førde sentralsjukehus**

Vi viser til dykkar brev datert 12.09.2024, dykkar referanse 24/11437-1, der det blir tatt opp problemstillingen med manglande pårønderom ved barneavdelinga sin nye sengepost i Liva-bygget ved Førde Sentralsjukehus.

Vi vil først framheve at Helse Førde har stort fokus på pårørande og pårørande sin interaksjon med pasient og personale i løpet av ein innleggelse, og vi strekk oss så langt som mulig for å legge til rette for optimale forhold for pårørande. Dette er spesielt synlig i vår omfattande satsing på einerom med tilgjengelig pårørandeseng i det nye Liva-bygget.

Liva-bygget har kun einerom og dei aller fleste romma har tilgjengelig pårørandeseng. Dette muliggjør eit skjerma fysisk lokale for pasient og pårørande som tidligare var vanskelig å oppnå, og det innebærer ei betydelig satsing på pårørande og pårørande si rolle i løpet av ein pasient sitt opphald på sjukehuset. Einerom muliggjør også private samtalar mellom personell, pasient og pårørande, noko ein trengte ekstra lokaler til å kunne gjennomføre i den gamle sengeposten.

Det må også nemnast at Førde Sentralsjukehus har fleire fellesareal av ulik størrelse som kan nyttast av pårørande og pasientar når dei opplever eit behov for dette.

Når de gjeld barneavdelinga sin nye sengepost er denne no samanslegen med kvinneklinikken sin nye sengepost i 5. etasje i Liva-bygget. Planlegging av denne nye samanslegne sengeposten har foregått over lengre tid innunder prosjektet Kvinne-Barn. Sidan det har vore snakk om å slå sammen to sengepostar med mange behov har det vore nødvendig med prioriteringsvurderingar knytt til bruk av det nye arealet der spørsmålet om pårønderom var oppe til diskusjon fleire gonger. Det er her sjølvstakt snakk vurderingar som skal evaluerast etter ei tids bruk av den nye sengeposten. Ei slik evaluering skal som alltid nyttast som utgangspunkt for å vurdere behov for korrigering av tilbodet.

Dei andre sengepostane i Liva-bygget vart planlagt innunder prosjektet Sengepostar og hotell. Det var i dette prosjektet ikkje same grad av kompleksitet i prioritering av areal, og i desse etasjane fekk vi heldigvis til å prioritere pasient-/pårørandestove.

Det er viktig å bemerke at sjølv om det nye Liva-bygget er på plass, så er ikkje det overordna prosjektet Nye Førde Sjukehus avslutta. Dei gamle sengepostane i Svana-bygget skal pussast opp og takast i bruk til nye formål. I 5.etasje er planane endå ikkje slutført, men det skal i hovudsak leggast til rette for poliklinikk- og kontorlokaler. Lokaler til pårørande blir også vurdert.

Til slutt er det viktig å framheve at Helse Førde sjølvstøtt ønskar å kunne tilby pårørande rom knytt opp mot sengeposten til både barne- og kvinneavsnittet ved Førde Sentralsjukehus. Sjølv om vi ikkje har eit slikt rom per no, er vi trygge på at pårørande likevel har eit tilbod av høg kvalitet knytt opp mot ein rom med pårørandeseng og eksisterande fellesareal ved sentralsjukehuset.

Vi vonar at denne informasjonen var omfattande nok til å besvare spørsmåla i dykkar brev på ein tilfredsstillande måte.

Vennleg helsing

Arve Varden  
Administrerande direktør

Asle Kjølraug  
Fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

#### **Digital kommunikasjon**

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemdar: [eDialog](#)
- Offentlege verksemdar: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

